



Kyrkjegardsboka - band 2 er i sal.

Band 2 med små og store soger frå kyrkjegardane i Kvinnherad er klar. Her kan ein mellom anna lesa om kyrkjegardane på Husnes, Hatlestrand og Halsnøy, samt om ei vandring på den gamle kyrkjevegen på Varaldsøy. Band 1, som kom i fjor, tok for seg 12 av kyrkjegardane i Kvinnherad. No er forfattar Morten Nygård klar med bok nummer 2.

Band 2 inneheld artiklar om følgjande kyrkjegardar: Åkra, Valen nye, Husnes, Hatlestrand, Halsnøy, Utåker, Fjelberg og Varaldsøy nye. Varaldsøy vert ekstra grundig presentert, for det kapittelet byr også på to synfaringar på den gamle kyrkjevegen frå Fjellgardane; ei føreteke i 2019 og ei i 1955.

Boka fortel elles om kyrkjekontoret på Valen. Det vert også ein artikkel om gravferda til Magnhild Sundfjord, den fyrste etter at koronaen påverka heile samfunnet. *Elska og sakna*, som er tittelen på boka, tek for seg ein del historiske fakta om bygdene, kyrkjene og kyrkjegardane, men det viktigaste er å fortelja om nokon av dei mange tusen som ligg gravlagde der.

Her kan du bli litt meir kjend med folk som levde uvanlege liv, folk som døydde i tragediar, folk som sette spor etter seg, folk som levde nøysame liv, og folk som ofra alt for landet sin fridom.

– Før arbeidet med dette prosjektet starta, hadde eg aldri høyrte om Sigurd Åkra, Knut Teigen, Magda Rørvik, Lars J. Hjortås, Marta Magdalene Særsten, Signe Holmedal, Ole Simonsen Arnevik eller Guro Våge. No har eg i alle fall blitt litt meir kjent med dei, noko eg er svært takksam for. Eg håpar at også lesarane vil setja pris på å læra om desse personane og alle dei andre som vert trekte fram i tekstane, skriv Nygård i føreordet.

I band 1 og 2 vert alle dei 20 eksisterande og synlege kyrkjegardane omtala. Men Morten Nygård har også skrivne om dei historiske kyrkjegardane, mellom anna den ved Halsnøy kloster. Dette stoffet vert samla i band 3, som etter planen kjem ut i februar/mars 2021.



Journalist Morten Nygård i Grenda er forfattere og har med dette lagt ned eit stort og omfattande arbeid med dokumentasjon og formidling.
Boka kan kjøpast i bokhandelen i Rosendal og på Husnes, dessutan i Grenda redaksjonen i Skålagato.

Tekst/foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal